

LEKMANNSMISJONEN

Oppbyggeleg blad gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 6

Desember 1965

1. årgang

Det var ikkje rom

Av Gudmund Hjorthaug

Midt i julebodskapen si store glede, møter me denne såre og triste sanninhaugen: Der var ikkje rom åt dei i herbyrge.

Denne sanninga er og ei profetisk sanning om dei kår som oftast vart frelsaren til del nedgjennom alle tider, ikkje minst i vår tid. Rom for den Jesus som evangeliet talar om. Den Jesus som vart frelsaren vår ved å gå inn under synda og straffa i vår stad, og som idag sit i Himmelen som vår stedfortredar og talsmann framfor Faderen. Der denne Jesus ikkje får rom i hjarta er syndaren framleis under fordøminga, same kva anna rettferd og guds frykt han har å visa til. Korleis er det så med deg som les dette? Bur denne Jesus ved trua i ditt hjarta, eller har du stengt han ute,

Kvifor vert då Jesus so ofte utesengd?

Ja, her er årsaka den same til alle tider og hjå alle som stengjer han ute: der er fullt hus frå før, i hjarta og liv. Hjarta har si trøst og si glede i andre ting, og då er der aldri rom for Jesus. Slike menneske kan ha rom for ein Jesus som dei lagar seg i sin eigen tanke

og hug. — Noken har hjarta so fullt av denne verda, at dei berre har bruk for ein Jesus som skal sleppa dei inn i Himmelen når all nyting her på jorda er slutt. Andre har bruk for ein Jesus som kan halda moral og orden ved like i samfunnet, for kristendom og Kristus er då ei folkeoppesdande og varande stormakt. Og enno andre har også bruk for ein Jesus som kan hjelpe dei til å leva som alvorlege, ærlege og ivrigje kristne, og som i nåde kan tilgi dei når dei syndar, og gi dei sin soningsnåde der dei ikkje sjølv strekk til.

Kjenner du deg att imellom dei som her er nemnde. Du — då er du av dei som i røynda slett ikkje har rom for Jesus. For den Jesus du på denne måten dyrkar, er ikkje evangeliet sin Jesus, men ein avgud som du har laga i din eigen tanke, og ditt eige hjarta. Difor kjenner du på ufreden i hjarta ditt, og kor tomt det er. Det er også årsaka til at du aldri fekk smaka den sanne frelsesvissa og den Guds fred som overgår alt vit. Og du er framleis under domen, trass all din kristendom, og når julehelg og julefest er over har du berre eit stort tomrom att. Jesus er utanfor hjarta ditt, og du er under Guds vreides dom. (Sjå Openb. 3, 20).

**Korleis kan ein slik syndar få
Jesus innanfor — so han vert
frelst ?**

Du — det hender ikkje ved å *gjera* og *vera*, men ved å *høyra* og *sjå*. Skal Jesus koma inn må alt det som fyller hjarta ditt vika plassen. Det er til dei fatige, dei sundknuste, dei som ingenenting er og har, at Jesus har lova å gå inn med all sin rikdom. Der ditt hjarta taper glede og trøysta i alt det har hjå seg sjølv, først der får Jesus rom for si frelsa. Alt dette verkar Den Heilage Ande der du bøygjer deg for Guds tale i Ordet, for sann og levande forkyning av lov og evangelium.

Her vil du få sjå at du ingenting er og ingenting kan av det Gud krev av deg i si lov. Ikkje rein, ikkje heilag og gudfryktig, ikkje angrar du, ikkje trur du, og ikkje blir du eingong fatig og sundknust. Du er berre syndig, kald, trassig, hard og bitter — vond tvers igjennom. Du finn ikkje noko håp for ein slik som deg.

Men nett her kjem Den Heilage Ande og fører Jesus inn til deg, ved evangeliet. Der får du sjå at di straff vart lagd på han, for at du skulle gå fri. Alle lovkrava, som du ikkje kan oppfylla, dei oppfylle han for deg på fullkommen vis, og den rettferd som du manglar, den har han åt deg der han sit ved Faderens side. Du får sjå at alt det Jesus gjorde og er, det gjorde han for syndarar og ugudlege som deg. Og det gir han ufortent av nåde — ja har gitt det ferdig og fullkome før du var til. Før du veit av det, so er hjarta ditt drege mot *hans* verk og *hans* lovnad, og alt vert nytt. Jesus er komen inn. Jesus er vorten hjarta si einaste trøyst, glede og lovesong. No vert det di lyst å tena æra og takka han, som gav deg alt av nåde. Slik den første dag, og slik kvar dag livet tilende — til du ein dag får møta han åsyn til åsyn.

Høyr ordet om Jesus, gi det rom i hjarta ditt, då gir du også Jesus rom med all hans nådes rikdom !

„Frukt som varer ved”

(Johs. 15, 16) **Av Andreas A. Bø**

Kjære leesarar. Til mange av dykk skulle eg ha skrive privat, men så lenge eg er på reisefot, — serleg på buss i U.S.A. — er det lite høve til det. Somme har eg lova å skriva til og andre har skrive til meg, og de skal få brev når eg kjem meir til ro.

I forgårs fekk eg brev om at storbagasjen kunne ventast fjerde desember til San Francisco, og får eg då Chinesisk visum for misjonsarbeid på Taivan, så kunne eg dra vidare. De skal få vi-

ta i bladet når eg dreg frå San Francisco, og korleis.

Det er heller få møte eg har fått delteke i her. Det var gatemøte den 7. okt. i St. Petersburg, Florida. Eit vitnemål om frelsa i Jesus åleine frå Ap.gj. 4, 12, trass i at dei åndelege leidarane då forakta slik ei frelsa, — «forkasta av bygningsmennene» v. 11. Bibelstudie og bønemøte onsdag kvelden den 13. okt. i Brodersamfunnet si kyrkja i Chicago, om dei fire slag sædejord

Bladet Lekmannsmisjonen

Utgjevarpoststad :

Stord, postgiornr. 42887

Red.: Amund Lid, Norheimsund

Ekspedisjon :

Margr. Skumsnes, Kårevik, Stord
S. Botnens Boktrykkeri, Stord

Norsk Luthersk Lekmannsmisj. :

Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, Stord. Tlf. 69

Kasserar : Sverre Bøhn,

Norheimsund, postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank

Norheimsund 10093/955

gongen og vedvarande ! «Du som høyrer ordet og skynar det».

Hjå presidenten for «Hauge Lutheran Innermissjon», Adolph Trooien i Hendrieks, Minn. blei det oppteke på lydband ei helsing til å senda over radio der. Trooien har visse timer i radio og når lyttarar i Minnesota, Dakota og Iowa. Men eg hadde ei kjensle av at det eg sa då, blei ikkje så sprekt, det var visst nok meir om å gjera å få det fint til, og mindre om å gjera å nå sjelene med eit ord frå Gud. Det er så lett å koma inn i tidsstraumen «å ta det lett vindt med mitt folks skade». Gud misskunne seg over oss forkynnarar idag.

I Lincoln, Nebraska, var eg med Leif Anderson og kona, — som nyss har «tekke ved trua», — i kyrkja dei går i, og gav ein kort tale på kveldsmøte sundag 31. okt. ut frå Mat. 15, 21-28, om den kananeiske kvinnen som ropa etter Jesus om som Han syntest å vera så hard med. Han svara henne ikkje eit ord. Og når læresveinane bad : «Kjære, få henne frå deg», så seier Jesus : «Det er berre dei forkomne sauene av Israels-huset eg er sendt til». Det gav ikkje mykje håp for henne. Og då ho likevel kom og fall på kne for Jesus og bad om hjelp og han samanlikna henne med hundane, så går ho med på det og. «Det er sant, Herre». Har du komme på den lage plassen, lesar? — Det er sant, Herre, eg er skyldig til å forkastast, men hundungane får då mat dei også — du er då komen for fortapte. «Å, kvinne, stor er trua di! Du skal få det som du vil». Ho hadde den levande trua.

Same teksten hadde eg i Seattle på kveldsmøte sundag 7. nov. i Brodersamfunnet si kyrkja der syster mi og mannen hennar går.

Over til side 48.

ut frå Mat. 13, 1-fg. Berre dei i den gode jorda bar frukt! Dei tri andre blei det ingen ting med, endå dei alle høyrd ordet. Kvifor? — Jau, fordi noko anna enn Jesus blei størst for hjarta. Kva er så god jord? Jesus meiner her hjartejord, hjarteforholdet. Men er det noko menneske som er god av hjarta? — Nei, ikkje ein einaste! «Det er berre ein som er god, og det er Gud». Du kan ikkje bera god frukt du som er vond. Kanskje du spør : «Meiner du det går til eit evig helvete då med meg?» Ja, det er klart! Synest du ikkje at du er skyldig til det då? — Jau, segjer du. Då er du på god veg til å ta i mot kjærleik til sanninga, — sanninga om deg sjølv og sanninga om Kristus. Men eg skynar ikkje og fatar ikkje korleis eg kan bli frelst og nå himmelen, og det sto her at «det som fall i god jord var dei som høyrd ordet, og skyna det». Nei, du står nok fast med å skyna det. Og då er det ikkje noko anna igjen for deg enn at du må gå fortapt. Men når du då får høyra om Jesus som «er komen for å leita etter det som var fortapt» for å frelsa det, då går det opp for hjarta ditt kven Jesus er. Dette er den Heilage Andes gjerning, både fyrste

Lever du som ein kristen?

Av Amund Lid.

Det er mange som lir og stirr med dette spørsmålet. Er du som les dette ein av dei, så strøymer angstnem gjenom hjarta ditt berre ved å lesa overskrifta. Når du ser på deg sjølv, så synest du der er så mykje som vitnar mot at du er ein rett kristen og lever som ein kristen. Du kjenner på vondne lyster og ureine tankar, og du lid av mangel på alvor og av lettsinn og kjenner deg kald og uberørt av Guds ord og andres nød. Då melder spørsmålet seg om ein slik kan vera eit Guds barn.

Korleis er så ein rett kristen her i verda?

Bibelen fortel at ein kristen er ein person med dobbelnatur — to ulike naturar i ein og same person. Du har vel møtt slike menneske som har to ulike naturdrag som kjem til syne kvar sin gong. Dei har tildømes arva eit hardt og stolt gemytt frå far og ei mild natur frå mor, og så kjem desse ulike naturdrag fram i ulike situasjonar og tider. Såleis har også eit Guds barn arva den syndige menneskelege natur ved fødselen, og fått del i Guds natur og Jesu sinnelag ved den nye fødsel (2. Pet. 1, 4). Så sant du er frelst, ber du både den jordiske sitt bilet og natur og den himmelske sitt bilet og natur (1. Kor. 15, 47-49). «For eg har mi glede i Guds lov etter mitt indre menneske, men i lemene mine ser eg ei onnor lov, som strider mot lova i hugen min og gjer meg til ein fange under syndelova, den som er i lemene mine», vitnar Paulus i Rom. 8, 22 — f.

Etter skrifta ser me då at så lenge

eit Guds barn er her i verda, i sin jordiske lekam, er han både ein syndar og eit guds barn, både urein og rein, både urettferdig og rettferdig, vond og god. I ditt kjøt og din medfødde natur så finn du synd, ureinskap, urettferd og det som er vondt og som høyrer ein syndar til. Men di gjenfødde ånd og det sinn som lever i trua på Jesus, er rein og rettferdig, utan flekk og lyte, som Jesus er det. Den har si lyst i Guds lov, og kan ikkje synda (1. Johs. 3, 9). Alt dette er du avdi du lever i Jesus, i trua på Jesus.

Er du ein sann kristen, så har du erfaring av denne din dobbelt-natur, at kjøtet står imot Anden og Anden imot kjøtet, at kjøtet trår etter det som høyrer kjøtet, synda og verda til og at Anden trår etter det som høyrer Anden og livet i Gud til. Når du ser og kjenner på synd, vond lyst, ureine og urettferdige tankar, lettsinn, mangel på alvor, kulde og likesæla, ser på alt mangelfullt og ugjort, då lid og syrgjer ditt nye menneske og lengtar og stundar etter å koma burt frå det vondne og hungrar etter det som er reint og rett.

Til andre tider når du får sjå inn i evangeliet, ser kva Jesus er for deg og hjarta vert styrkt ved nåden, då misser det vondne si makt og kjærleik, gleda og fred, langmod, godeleik og eit tilgivande sinn kjem inn i hjarta saman med Jesus og ordet om han.

Denne erfaring er ein ugjenfødd kristen — det vil seia ein som lever og bekjenner seg som ein kristen utan å vera fødd påny — framande for.

Er du av dei så forstår du ikkje dette om two naturar, du vil protestera mot og fornekta ei slik læra. Arsaka er då at du har ikkje meir enn ein natur, nemleg den menneskelege natur — som også kan kleda seg i kristeleg dragt og stå i kristen tenesta.

Ein kristens forhold til lova.

Apostelen sa : «*Eg har mi gleda i Guds lov, etter mitt indre menneske.*» Det finst dei som meiner dei elskar Gud, men hatar lova. Det let seg ikkje gjera, for Gud er lova dei er eitt. Den som hatar lova, han hatar også Gud, og den som elskar Gud, han elskar og lova. «Du lov, jeg har deg kjær, for Jesus deg oppfylte, da han på korset her betalte det jeg skyldte», syng Nordsletten.

For deg som ikkje er frelst så er lova domaren din, som alltid minner deg om syndene dine, at du er skuldig, om feila dine, om straffa og din fortapte tilstand. Lova kjem alltid med krav til deg som er over evne, seier at du må nå lenger, dømer det du gjer som udugleg. For deg er lova ein slavedrivar som aldri er fornøgd, og blir alltid frykta og hata. Det vil seja om du ikkje er like forblinda som farisæaren som trudde han oppfylte lova. Det finst dei også i vår tid.

Men er du frelst, så elskar du lova avdi den lærde deg sanninga å kjenna, at du var skyldig, dømd og fortapt. Lova dreiv deg til Jesus, der du fekk sjå at han oppfyllte lova i din stad og kjøpte deg såleis fri frå synda, skulda og lova sin dom. I Kristus Jesus er du ikkje skyldig lova noko, for der er ingen fordøming for dei som er i Kristus Jesus.

Dernest så er du samd i lova sin dom over det vonde som bur i deg. Lova

er Andens reidskap til å visa deg synda som bur i deg, til å døma og døda det gamle menneske hjå deg. Du blir tukta så du ikkje skal bli fordømd saman med verda.

For det tredje så er lova rettesnor for ditt nye menneske. Den viser deg korleis Gud er, og korleis han vil at hans barn skal vera og leva, kva som er Guds veg og vilje i det som møter deg i livet. Mange er redd og vil fornekta lova som rettesnor for eit Guds barn, for dei trur det fører til treldom, men det er ein farleg avveg som er i strid med skrifta. Gud gjer ikkje skilnad folk, lova og Guds vilje er den same for alle. Det er berre den skilnad at Guds barn lever ikkje under lova sine krav, lova sin dom og lova si makt, for det har Jesus ordna. Men du eig eit hjarta som elskar sanninga, lova, og som gjerne vil leva slik som Gud vil, det er årsaka til at du også elskar lova, og som gjerne vil leva slik som Gud vil, det er årsaka til at du også elskar lova når ho dømer deg. Ho er spegelen der du ser ditt naturlege andlet — eller det gamle menneske, i forhold til Gud. Men i samvitet der er du fri, for Jesus har teke skulda og domen bort, du lever i han og han i deg.

Ein kristens liv.

Det blir også tvosidig så lenge du bur i denne hytta. Du lid under dette at kjøtet si lyst og kjøtet sin lengsel dreg deg ein veg, medan Anden og ditt nye menneske si lyst og lengsel dreg ein annan veg, så der alltid blir kamp og strid.

Du syrgjer og er missnøgd med deg sjølv, men er glad og fornøgd med Jesus. Du er fatig, er ingen ting, kan ingen ting i deg sjølv, men vender du deg til Jesus og evangeliet så er du rik,

då gjer du mange rike og då maktar du alt i han. Ser du på deg sjølv, så fryktar du, men ser du hen til Jesus så blir du frimodig i han og hans blod. Du ser deg svart og urein, men i Jesus er du rein og yndig. «Jeg er sort, men yndig», syng brura i Høgs. 1, 5. Og slik kan du sjølv halda fram, så vil du finna mange ulike og motstridande slekts-trekk frå dine to fedre Adam og Je-sus.

Slik blir kampen også når det gjeld ditt liv og gjerning. Møter du urett, så vil ditt gamle menneske bli sint, for-svara seg, tenkja på gjengjeld, medan det nye menneske lid, tilgir og overlet det til Gud. Kven som vinn, anten Anden eller kjøtet, det avgjer om du veks i nåde og kjennskap til Jesus eller om du lid skade på nådelivet. Har du lova ein ting og det så kjem ting i veien som gjer det vanskeleg å halda, då sei-er kjøtet at det er ikkje så nøye eller färleg om du set det ut, men Anden

seier at det du har lova det skal du og halda. Kven pleier vinna hjå deg? Her var dei gamle komne lenger enn me i dag. Då sat ein skomaker gjerne oppe til langt på natt for å få ferdige dei skorne han hadde lova ferdige til neste dag. Korleis står det til her i dag, korleis gjer du?

Evangeliet det frigjer samvitnet frå døde gjerningar til å tena den levande Gud, så du ikkje skal tena synda lenger men stilla lemene fram til våpen for rettferda. «Såleis lyt de og rekna dykk for døde for synda, men levande for Gud i Kristus Jesus. So lat då ikkje synda råda i den døydelege lekamen dykkar så de lyder lysstene hans! Bjod ikkje heller lemene dykkar fram å synda til våpen for urettferda, men bjod lemene dykkar fram å Gud til våpen for rettferda. For synda skal ikkje få råda yver dykk, de er ikkje under lova, men under nåden!» (Rom. 6, 11—14).

Frelsесvissitet — Åndens vidnesbyrd.

Av Olav Valen-Sendstad

(Forts. fra forr. nr.)

La meg prøve å klargjøre det litt ti.
Først en naturlig sammenligning:
Du omgås en person, og da du vanlig-vis er meget flink til å innbile deg alt det storartede denne annen tenker om deg, så blir du en vakker dag forfer-delig skuffet ved å høre ham skarpt kritisere deg. Du fikk *se deg selv i hans tanker* — og blev såret. Omvendt: du vet om noen som stadig kritiserer deg. En vakker dag får du fra den samme høre sterkt anerkjennende ord. Du fikk *se deg selv i den annens tan-*

ker — og blev usigelig glad.

Slik er det på en måte med synderen for Gud også. — Når den selvgode og egenrettferdige — som innbiller seg alt mulig godt om seg selv — plutselig får merke *lovens* kritikk og dom, da blir han såre forferdet for Gud, og synes det er følt med de tanker om ham. Og han finner ingen trøst. — Men når den forskrekkede og hjelpelösse synde får høre *evangeliets* ord, da blir han høy-lig styrket og trøstet med fred p.g.a. disse *Guds tanker* om ham.

Hva er det ikke for en arm synder

som frykter den evige død, å høre: En er død for alle — derfor er de alle døde (2. Kor. 5, 15) — d.v.s., få se sin sak fra det Guds standpunkt at synderen er medregnet i Jesu død som om han selv var død for syndens skyld

Hva er det ikke for en arm stakkars som føler seg nøken i skam, avkledt i elendighet, ved Ordet å få høre at han er *klædt og iklædt for Gud i Jesus.*

Hva beveget seg mon i Esaias' hjerte da han sang disse ord: «Jeg vil glede meg i Herren, min sjel skal fryde seg i min Gud, for han har *klædd* meg i *frelsens klædebон*, i rettferdighetens *kappe* har han *svøpt* meg». (Esa. 61,1 10). — Jeg tenker han ofte hadde frosset, fryktet og jamret i *nøkenhet* for Gud. Men jeg tenker også han frydet seg når han fikk se at han for Gud stod *svøpt og klædt.*

Og det er synderens aller største trøst og glede når han kan finnes iklædt for Gud ved tro på Jesus (Galat. 3, 27. Filip. 3, 9). Vite at Gud *anser ham i Jesus*: vite at Gud tilregner ham Kristi rettferdighet som et svøp mot dommen, vite at *Gud i sine tanker holder ham som hadde han aldri synet.*

Når derfor Gud ved Ordet gir vissitet, da oppfylles dette som en herlig opplevelse og erfaring — at Gud som vet «de tanker han tenker om oss — fredstanker, og ikke tanker til ulykke, å gi oss fremtid og håp». (Jerem. 29, 11). han lar oss på en egen måte komme på det stade og synspunkt at enhver av oss får se: *jeg* er gjenstand for Guds øye og tanke, *jeg* er gjenstand for Guds nåde, *jeg* er den arme synder som anses i Jesus.

Med den erfaring som bakgrunn kan synderen si som Sulamit: «Sort er jeg — dog yndig» (Sal. Høis. 1, 5) — d.v.s.

fra *min side sett* er jeg en fordømt synder og en uren forbryter, men fra *Guds side sett* er jeg yndig og velbehagelig — fordi jeg er ansett i Jesus som om jeg aldri hadde syndet Gud har behag i meg — selv om jeg er sort.

Første gang denne opplevelse gis oss av Gud, får vi en underlig fylde av inntrykk strømmende inn over oss. Vi synes bokstavelig talt det er som falt der skjell fra våre øine (Ap.gj. 9, 18. 2. Kor. 3, 16). Vi er fulle av forundring over hvor enkelt det hele er, og hvor rart det er at vi ikke forstod det før. Vi fylles av lyst til å fortelle til andre om Jesus — så de kan oppleve det samme. Vi fylles av usvikelig visshet om å være frelst og høre Gud til i Jesu rettferdighet og offer. Og vi synes rent vi har fått et lite gløtt inn i himmelen, idet vi har lært å forstå hva Gud tenker om oss. Vi har dette at det avgjørende for tid og evighet ikke ligger i hva vi tenker, men i hva *Gud tenker om oss i sin sønn Jesus.*

Men denne opplevelse medfører også at vi får *visshet om Ordet.*

Og det er ikke underlig.

Den blir jo alltid gitt oss i og med Ordet. *Og den blir aldri, aldri gitt uten Ordet.* Og da det således er i og med Ordet at vi fikk lov til å se oss selv fra et nytt stade — nemlig slik vi tok oss ut for Gud idet vi var iført Jesus — så ble Ordet og Guds tanke oss aldeles ett og det samme. Vi forvissedes om Ordets, om Skriftens, om Jesu, apostlene og profetenes tales sannhet, om Guds egen sannhet. Ordet smeltet inn i og sammen med våre hjerter (Hebr. 4, 2).

Om der enn er forskjell mellom tro og visshet, så får en ikke glemme at tro og visshet også er overmåte *like*, ja ofte kan de hos den mere prøvede kristne slett ikke skjeldnes.

Nå har jeg fred med Gud

Mel.: Fryd deg du Kristi brud.

Nå har jeg fred med Gud

Nå er jeg Kristi brud.

Selv gjennem strid og trengsel

Gud stiller all min lengsel.

Og Himlens arv meg venter

Min brudgom snart meg henter.

Jeg var et Adams barn

Innsnøret i Satans garn,

Var under dom og vrede

Men blind i verdens glede

Inntil meg Herren møtte

Og frelseslengsel føgte.

Da leste jeg Guds bud

Da ropte jeg til Gud

Jeg mätte bli rettferdig

Og Himlen ganske verdig !

Men Gud mitt verk la øde

Jeg under loven døde.

Nå Gud ei mer er vred

For Jesus i mitt sted

Betalte hva jeg skyldte

Ja loven helt oppfylte.

I ham jeg er rettferdig

I ham til Himlen verdig.

Å, sjel som fredlös går

Og stirr i trellekår,

For deg og Jesus døde

Utslettet all din brøde.

Han innbyr deg i ordet

Kom nå til nådebordet !

Gudmund Hjorthaug.

«FRUKT SOM VARER VED»

Over fra side 42

Fleire andaktar har eg våre med på i heimane eg gjesta. Serleg minnest eg ordet A. Duns las i treileren sin i St. Petersburg om «frukt som varer ved!» Og eg er sett til å gå ut å bera slik ei frukt. Vinna sjeler, som vinn andre for evigheten. Herre lat ferda lufkast! 1. Mosebok 24, 21, 40, 42 og 52.

Dykkar utsending Andreas A. Bøe.